

a) I budsjettsaka står det at takstane for kollektiv er auka med 2,5%. Når ein ser på forslaga, så er det gjennomgåande større auke på barnebilettar. Har det samanheng med at denne gruppa har hatt større rabatt før enn dei 50% som er vanleg?

b) Kan MVA-kompensasjon for innkjøp omdisponerast frå tiltaket som har gitt "inntekta" til td anna vedlikehald? Kan det flyttast frå investering til drift? (Eg reknar ikkje med bompengepakkane, der det truleg inngår i ein avtale)

c) I Sogn og Fjordane har det vore nytta midlar til Sørvissskyss. kor mykje ligg det til denne ordninga i budsjettet? Vidareføring?
Somme stader har denne ordninga erstatta vanleg ruteproduksjon med låg bruk. Kan det vere eit innsparingspotensiale i at sørvissskyss-ordninga blir innført også i tidlegare Hordaland?

d) Fylket budsjetterer med utgifter på 3,1 mill til innfartsparkering. Kor sensitiv vil denne ordninga vere for betaling? Td ein dag=ein time? Eller vil innkreving koste så mykje at det ikkje løner seg totalt sett?